

Velkommen til internatet

Velkommen som elev, me trur du vil få nokre flotte skuleår på Tveit Vidaregåande Skule. Kvardagen her på Tveit er meir enn berre skule. Me har internat med 48 rom og dei fleste elevane bur på internatet. Det sosiale livet på internatet er noko av det som skapar god trivsel både i skuletid og fritid.

Me har ein miljøarbeidar tilstades på ettermiddag- og kveldstid, og nattevakt om natta. På ettermiddagane legg me til rette for ulike aktivitetar. Me vil gjerne at elevane sjølv seier kva dei ynskjer å gjera, og me hjelper dei som vil arrangera aktivitetar for dei andre elevane.

Prisar

Prisane dekkjer kost og losji frå natt til mandag til lunsj på fredag. Internatet er stengd frå fredag kl. 17.00 til søndag kl. 17.00 kvar helg.

Dobbeltrom	kr 4.700,- pr. måned
Einerom	kr 5.600,- pr. måned
Depositum	kr 2.000,-

Tildeling av rom

Me er i full gong med å planleggja neste skuleår, og vil gjerne ha tilbakemelding på kor mange som ynskjer rom på internatet.

Kva for eit rom du får, verte bestemt når me har fått inn alle ynskje. Sjå ellers punkt 4 i leigeavtalen om tildeling av rom.

Behov for spesialdiettar og liknande må dokumenterast med legeattest. Eventuell attest blir lagt ved "Ynskje om rom på internatet".

Velkommen til internatet på Tveit Vidaregåande Skule

Tveit Vgs., mai 2018

Gunn Skorpe, Husmor
Vakttelefon internat: 95 52 58 53

Ynskje om rom på internatet 2018/2019

Tveit Vidaregåande Skule tar inn elevar på internatet ved søknad. Skulen kan gje avslag om internatplass i visse høve.

Fyll ut dette svararket og send til skulen innan 1. juli 2018 (kan evt. leverast på informasjonsmøtet).

Namn:

Ynskjer du å bu på internatet? (kryss av)

- Ja
 Nei

Dersom du kjenner nokon du vil bu på rom i lag med, så kan du skriva namnet her:

.....

Dersom du trenger enerom kan du søke om dette.

Treng du spesialdiett? (kryss av) (kr 450,- pr. mnd.)

- Ja
 Nei

Dersom ja, legg ved legeattest.

Nyttar du medisinar? (kryss av)

- Ja
 Nei

Foreldre/føresette eller lege må skriftleg avtala medisinbruk, sjå punkt 12 i "Reglar for internat og fritid".

Stad/dato:

.....
underskrift elev

.....
underskrift foreldre/føresette dersom elev under 18 år